

Snart full styrke på supplybåten

06.08.2009



Frå og med neste måndag vil Eidsvik vere ferdig med ferieavviklinga og sette full styrke på utrustninga av supplybåten Siem Pilot, opplyser dagleg leiar Sven Arne Eidsvik til uskedalen.no

Det betyr at rundt 140 mann då vil vera i arbeid med dette storprosjektet.

Halve styrken vil vera på jobb att frå kommande måndag.

- Vil ein nå topp-punktet med dei 140?
- Det er det førebels for tidleg å seia noko om, seier Eidsvik.

Det var midt i april det 88 meter lange skroget kom til Uskedalen etter å ha vorte slept frå Eregli i Tyrkia i 24 døgn. Dette er det største oppdraget Eidsvik har hatt og det representerer ein omsetnad på vel 300 millioner kroner.

Eidsvik har sjølv 55 tilsette og samarbeider mellom andre med Bergen Group om dette prosjektet. I ein periode var båten i Høylandsbygd for montering av propellar og anna utstyr.

Av Ola Matti Mathisen